

Forskningsnotiser



Antidepressiver i Østfold



ILLUSTRASJON: ODA VALLE

Over 290 000 skaffet seg i fjor et medikament mot depresjon. Regnet i bruk per tusen innbyggere hadde Østfold fylke det største forbruket, med 79,08. Også Hedmark og Oppland ligger høyt oppe. Alle nordlige fylker ligger relativt lavt, Troms med bare 43,74 brukere pr. tusen innbyggere, det laveste i hele landet.

Antidepressivbruken i Oslo og i Akershus er omtrent like stor, med cirka 53 brukere per tusen innbyggere. Psykiater Odd Lingjærde kommenterer tallene til Dagens Medisin:

– Trolig er det fastlegene som forskriver mest antidepressiver. Det kan være at færre pasienter med depresjon henvender seg til sin fastlege i nordlige enn i sørlige fylker, men det kan også være at legene i nord forskriver antidepressiver til depressive pasienter i mindre grad. Ettersom det nå er grunnlag for å si at milde til moderate depresjoner vil ha vel så god effekt av psykoterapi som av antidepressiver, særlig det som kalles kognitiv adferdsterapi, kunne det også tenkes at flere pasienter i nord blir henvist til slik behandling. Men dette er vel lite sannsynlig, ettersom det i hele landet er vanskelig å få time hos en som behersker slik terapi, sier han.

I hele landet var det i fjor 292 219 brukere av antidepressiver, drøyt 191 000 kvinner og i overkant av 101 000 menn. Økningen i forbruket fra 2008 til 2009 var beskjeden: i overkant av én prosent.

Homofile muslimer

Rusi Jaspal og kollegar ved University of London undersøkte korleis tolv homofile britisk-pakistanske muslimer lever med dei tilsynelatande uforlikelege identitetsdraga sine.

Nokre av dei såg det som ei prøving frå Allah, andre meinte at dei religiøse skriftene var mistolka, andre igjen skulda oppveksten i Storbritannia for legninga si. Men dei fleste uttrykte skuldkjensle, ønske om å halda opp å vera homofile og håp om å gifta seg med ei kvinne.

– Det mest fascinerande er korleis dei fleste avviste kvart eit personleg ansvar for sin eigen seksuelle identitet. I staden argumenterte nokre for at dei var fødte homofile og difor var del av Allah sitt skaparverk, medan andre la skulda på utanforliggende faktorar som Satan eller oppdraginga dei hadde fått, seier Rusi Jaspal til BPS Media Centre. Studien er publisert i *British Journal of Social Psychology*.



Ønsker ikke sovepiller

Dette viser en norsk studie blant 2645 voksne. Nær én av fem hadde brukt sovemedisin en gang i livet. Åtte prosent rapporterte om bruk den siste måneden, og fire prosent var kroniske brukere.

Bruken av sovemidler hadde blant annet sammenheng med lav sosioøkonomisk status, høyere alder og å være kvinne. De sterkeste faktorene for bruk av sovemedisin var høy alder og lite kontroll over søvnen. Dette var også faktorer som bidro til at det var vanskelig å slutte med slike medikamenter. Opplevelsen av å ha kontroll på søvnen spiller en viktig rolle for medikamentbruken, påpeker Siri Omvik og de andre forfatterne, som er tilknyttet Nasjonalt Kompetansesenter for Søvn sykdommer ved Universitetet i Bergen. Studien er publisert i marsutgaven av *International Clinical Psychopharmacology*.

Dugnad gjer godt

Eva J. Mojza og kollegaer ved Universitetet i Konstanz, Tyskland, undersøkte 105 personar som jobba fem dagar og tok del i frivillige aktivitetar 6,7 timar i snitt per veke, frå brannvern til kyrkjelydsarbeid.

Deltakarane fylte ut to spørjeskjema om dagen i 14 dagar, eitt etter jobb og eit anna like før dei gjekk til sengs. I tillegg til å skriva ned tida dei hadde brukt på frivillig arbeid, blei dei bedne om å beskriva kjensla av behovstilfredsstilling, mental avkopling frå jobben, læring, og trivnad på jobben. Kveldsresultata blei samanlikna med resultata som blei fylte ut etter jobben neste dag.

Tida folk brukte på frivillig arbeid, viste ein positiv korrelasjon med mental avkopling frå jobben, læring og behovstilfredsstilling. Vidare viste mental avkopling og behovstilfredsstilling seg å vera kopla til betre aktiv lytting og større trivnad på jobben. Eva J. Mojza kommenterer til BPS Media Centre at frivillig arbeid kan tilfredsstilla andre behov enn jobben. Ein kan òg læra å meistra nye ting, og ein tek del i avkoplande sosiale aktivitetar. Studien er publisert i *Journal of Occupational and Organisational Psychology*.

ADHD

Forbruket av ADHD-medikamenter økte med 10,5 prosent frå 2008 til 2009. Dette viser beregninger Dagens Medisin har gjort, basert på tall fra Reseptregisteret. Totalt fikk cirka 27 000 personer ADHD-medikamenter i fjor.